

Fogn Grendalag

4164 Fogn

Finnøy kommune

v/kommuneplankoordinator Paul Aano

VERNA FOGN OPPVEKSTSENTER.

15.april blei det invitert til folkemøte på Fogn angående ny kommuneplan, samfunnsdel. Grendalaget blei utfordra til å koma med synspunkt.

Vi tok utfordringa og har såleis både munnleg og skriftleg framsagt viktige synspunkt for korleis styrkja lokalsamfunnet vårt.

Fogn Grendalag har utarbeida mål og visjon . Eit av måla er å auka «bulyst». Visjonen seier kort og greitt: «400 pluss».

Skal vi klare å innfri mål og visjon treng øya midtpunktet, «skulen» og identiteten som ligg der. Dette handlar ikkje om at kvaliteten på undervisninga ved Finnøy sentralskule er betre eller ringare enn undervisninga ved Fogn oppvekstsenter. Vi forutset at undervisninga er god begge stader.

Ettersom Finnøy og Talgje no er gjort landfaste og folketalet der er sterkt stigande, er det svært viktig å ivareta dei andre øyane i kommunen som er avhengige av hurtigbåt og ferjer.

Her går folketalet ned. Korleis stoppa denne utviklinga?

Er det då rett å leggja ned mellomtrinnet?

Eit av spørsmåla frå koordinatorane under folkemøtet var slik: «Vel ut 3 forhold som de meiner bør ha særleg prioritet i kommuneplanen for å fremja positiv utvikling, trivsel og optimisme.....»

Vi, Fogn Grendalag, synes det er viktig å verna skulen. Her har vi omlag 45 elevar innafør skuledelen. Meiner at det må vera i kommunen si interesse at øyane utan tunellsamband får trygge og gode ramevilkår.

Klar tale frå Fogn Grendalag.

For grendalaget

Jostein Østhus  
-leiar-